


**Søknadsskjema for Bolyst.**

1. Hva er navnet på prosjektet?	<b>Bulyst gjennom videreutvikling av skiaktivitet i Hordaland–heile året.</b>  Gjennom samarbeid mellom regionane Voss, Odda/Røldal og Jondal/Folgefonna sommarskiser har ein sett fokus på ski året rundt som drivar for turisttrafikk til regionen. Nå er målet å ta steget vidare for auka bulyst.  <b><u>Dette er søknadsskjemaet for Folgefonna Sommarskiser.</u></b>
2. Hvem er juridisk eier av prosjektet?	Destinasjon Voss AS
3. Søknadsbeløp:	Kr 200.000
4. Når skal prosjektet gjennomføres (fra – til)?	Sesongen 2011 – 2012. (Perioden mai 2011 – mai 2012).
5. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post.	Prosjektleder for Ski heile året-prosjektet: Erik Østlie, Destinasjon Voss. Vangsgata 20, 5700 Voss. Tlf 922 38 848 <a href="mailto:erik@visitvoss.no">erik@visitvoss.no</a> eller Dagleg leiar Destinasjon Voss, Anne Grethe Bakke Tlf 957 87 590 <a href="mailto:annegrethe@visitvoss.no">annegrethe@visitvoss.no</a>  Kontaktperson for Jondal kommune: Ingunn Stana, landsbylos. (Jondal Kommune, 5627 Jondal) Tlf: 90 66 04 64, e-post: <a href="mailto:ingunn.stana@jondal.kommune.no">ingunn.stana@jondal.kommune.no</a> Kontaktperson for Folgefonna Sommarskiser: Kjell Jostein Vågen. (Folgefonna Sommarskiser, pb 34, 5629 Jondal) Tlf: 95178000, e-post: <a href="mailto:post@folgefonn.no">post@folgefonn.no</a>
6. Prosjekt- og/eller arbeidsgruppe(r) Gi en kort oversikt over organiseringen av prosjektet.	Samme prosjektgruppe som “Ski heile året” prosjektet. <ul style="list-style-type: none"><li>• Destinasjon Voss v/Erik Østlie</li><li>• Hordaland fylkeskommune næringsavdelinga v/Yngvar Hagala</li><li>• Norwegian Center of Expertice tourism v/Kaia Finne</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå Voss Resort : Sigbjørn Slåtten</li> <li>• Frå Voss Fjellandsby Myrkdalen: Per Berge</li> <li>• Frå Røldal: Pelle Gangeskar</li> <li>• Frå Jondal: Ingunn Stana</li> </ul>
<p><b>Innleiing til pkt 7:</b></p> <p>Omtale av prosjektet</p>	<p><b>Satsing på skiturisme heile året som driver for bulyst i distriktskommunane Voss, Jondal og Odda i Hordaland</b></p> <p>Sidan hausten 2009 har kommunane Voss, Jondal og Odda hatt eit fellesprosjekt <i>Ski heile året</i>, med hovudfokus på å kunne tilby attraktive skiopplevingar heile året for den norske og den internasjonale marknaden. Grunnlaget for prosjektet er dei natur- og kulturressursane desse lokalsamfunna har som fellesnemnar. Prosjektet har fått mye merksemd, mellom anna fordi samarbeidet går på tvers av etablerte destinasjons- og kommunegrenser. Etter snart to års drift ser ein gode resultat. Ein synergieffekt av prosjektet er at det bidrar til å gjere skianlegga meir attraktive for lokalsamfunnet. Prosjektet understøtter samanhengen mellom den gode bustad og det gode reisemål. Gjennom nyttige erfaringar med dette prosjektet ynskjer ein nå å gå eit steg vidare på denne vegen.</p> <div data-bbox="646 974 1260 1332" data-label="Diagram"> <p>The diagram consists of two overlapping blue circles. The left circle is labeled 'lokalsamfunnsutvikling' and the right circle is labeled 'reiselivsutvikling'. The overlapping area in the center is shaded a darker blue, representing the intersection of the two concepts.</p> </div> <p>I skjæringspunktet mellom lokalsamfunnsutvikling og reiselivsutvikling kan ein sikre tiltak som har begge interessegruppene som definerte målgrupper. Slik kan ein sikre ei reiselivsutvikling som er positiv for lokalsamfunnet og visa versa. Utgangspunktet for ein slik modell er nettopp det faktum at eit reisemål kan definerast også som ein stad der folk bur. Dette er eit interessant perspektiv som Destinasjon Voss har lagt stor vekt på i sin utviklingsstrategi, jfr definisjonen av ein destinasjon under:</p>

	 <p>For busetting og bulyst har dette to dimensjonar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. lokalbefolkninga får eit utvida tilbod når reiselivsnæringane utviklar oppevingar og aktivitetar for turistar</li> <li>2. staden vert meir attraktiv som bustad for nye innbyggjarar når ein utviklar slike tilbod, både med omsyn til auka tilbod til fritidsaktivitet med også som arbeidsplass.</li> </ol>
<p>7. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig. Jfr også punkt om gjennomføringsevne i utlysningsteksten.</p>	<p>Delprosjektet på Folgefonna Sommarskisenter vil ha fokus på vidareutvikling av tilboda ved forlenging av sesongen, og tilrettelegging for auka aktivitet med hovudfokus på ungdomssatsing.</p> <p>Gjennomføring av tiltaka vil skje i samarbeid med eksisterande LivOGLyst-prosjekt, Folgefonnlandsbyen Jondal, og også Nasjonalparklandsbyprosjektet i regi av Direktoratet for Naturforvaltning, og sikrar slik forankring i kommune (adm. og politisk), lokalbefolkning og hjå fylke/stat.</p>
<p>8. Hvem er målgrupper for prosjektet?</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalbefolkning i Jondal kommune.</li> <li>• Ungdom i Jondal kommune og Kvam herad.</li> <li>• Tilreisande turistar, både nordmenn og utlendingar</li> </ul>
<p>9. Hvordan skal målgruppen(e) informeres/involveres i prosjektet?</p>	<p>Gjennom tett samhandling med prosjektet “Ski heile året”, som nettopp har fokus på kontakt mot marknaden. For born og unge lokalt vil kontakt skje via skulane og via ei særskilt ungdomssatsing på eit regionalt team av gode skikøyrarar som ambassadørar</p>
<p>10. Hva er mål og eventuelt delmål for</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til at fleire born og unge søker naturbaserte aktivitetar gjennom aktivitetar på ski</li> </ul>

prosjektet?	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til å skape lokal entusiasme for lokale tilbod</li> <li>• Bidra til at lokale tilbod også vert ein drivar for auka turisttrafikk som igjen sikrar betre tilbod også for lokalbefolkninga</li> <li>• Gjera bygdene til meir attraktive og aktive stader å bu, gjennom auka sosiokulturell aktivitet og fleire møteplassar.</li> <li>• Erfaringsutveksling mellom destinasjonane, både når det gjeld arrangementsavvikling, marknadsføring og profilering.</li> </ul>
11. Hvordan er målene forankret i lokale/regionale styringsdokumenter?	<p><b>Ski heile året – eit prosjekt over kommunegrensar i Hordaland</b></p> <p>I reiselivsstrategien for Hordaland er det definert ei satsing på skiturisme. Ski er både eit kjerneprodukt i temasatsing innan reiseliv, samtidig som at det er knytt opp mot destinasjonar i Hordaland som har naturgitte konkurransefortrinn for skiturisme. Unikt for Hordaland er mogelegheiten for å stå på ski 12 månader i året, takket være Folgefonna sommarskisenter, i tillegg til dei snøsikre vinteranlegga på Voss, i Myrkdalen og i Røldal.</p> <p>Å satse på skiområda er viktig for heilskapleg områdeutvikling. Skianlegga har etter kvart bygd opp overnattingskapasitet som og vert nytta om sommaren. Det er store planar om vidare utbygging i desse områda. Dette krev utvikling av gode sommartilbod, noko som vil styrke Hordaland som heilårleg ferieområde.</p> <p><i>Ski heile året</i> bidrar til samhandling og partnerskapstenking mellom aktørar på tvers av tradisjonelle destinasjonsområder. Dette er naudsynt for å lukkast med sterkare temasatsing.</p> <p>I Jondal finst allereie eit LivOgLyst-prosjekt, <i>Folgefonnlandsbyen</i>, og tiltaka i eit eventuelt bulyst-prosjekt vert forankra inn i eksisterande tiltaksplanar. Jondal har også status som Nasjonalparklandsby, der hovudfokuset i tiltaksplanane er å skapa reiselivsutvikling i tilknytning til Folgefonna Nasjonalpark. I dette prosjektet står sjølvsagt Folgefonna Sommarskisenter sentralt, og me vil samkøyra og forankra aktivitetane i Ski Heile Året-prosjektet, og eit eventuelt bulystprosjekt i desse planane. På denne måten får me ei brei forankring, både hjå innbyggjarane i kommunen, hjå dei næringsdrivande, hjå Direktoratet for Naturforvaltning, KRD, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune.</p>
12. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?	<p>Auka sal av skikort for born og unge.</p> <p>Ein slik resultatindikator er svært målbar da kvart skianlegg har detaljert system for sal av slike kort. Gjennom prosjektet ski heile</p>

<p>Beskriv hvordan dere skal arbeide for å finne ut om dere når målene i prosjektet?</p>	<p>året har ein også sikra at alle anlegga har felles programvare for sal av felles skikort.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tilbakeflytting av ungdom etter utdanning.</li> </ol> <p>Dette kan målast på folketalet, og undersøkingar som er gjort av og med utflytta bygdeungdom, til dømes Flytt til Hardanger si marknadsundersøking i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, viser at mangel på møtestader og for få arrangement retta mot unge gjer at mange ikkje kan tenkja seg i dag å flytta heim att. Ved å satsa på denne gruppa i dag, så meiner me at me vil sjå ei gradvis endring i haldningane, og slik kan me vera med å snu flyttestraumen.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Auka sosiokulturell aktivitet.</li> </ol> <p>Dette kan målast i tal aktivitetar og arrangement i kommunane, og ikkje minst i tal uformelle, sosiale møteplassar.</p>
<p>13. Beskriv kort hva dere tror vil ha størst læringseffekt for andre prosjekter/kommuner.</p>	<p>Samarbeid på tvers av kommune- og destinasjonsgrenser har stor læringsverdi. Felles utfordringar innan same tema, som td ski, gir stor læringseffekt gjennom kunnskapsdeling og erfaringsutveksling. Ein tettare kobling mellom kommune og næringsliv gir også viktige gevinstar. Samhandling vil derfor vere viktigaste læringseffekten å dele med andre.</p>
<p>14. Hvor geografisk konsentrert vil prosjektet ha effekt? (sett kryss)</p>	<p>Med eit prosjekt som er sett saman av 3 delprosjekt vil effekten variere frå tiltak til tiltak. Alle enkeltprosjekta vil ha effekt både lokalt og regionalt. Totalprosjektet vil ha effekt både nasjonalt og internasjonalt, då fokus på tema ski og barn og unge er ei utfordring som er definert også av skidestinasjonar i Europa. Her har ein gjennom prosjektet ski heile året og aktivt engasjement i NCE tourism (Norwegina Center of Expertice) allereie kontakt med Skiline, eit prosjekt som nyttar ny teknologi for å motivere til leik i naturen.</p> <p>Geografien i prosjektet er omfattande, då Hardanger/Voss-regionen er vidstrakt og skisentra ligg i kvar sine ytterpunkt i regionen. Vår store geografiske utstrekking gjer at me har med oss både høg fjell og bre i prosjektet, som igjen sikrar at me kan tilby skiopplevingar året rundt.</p>
<p>15. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt slutført/videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.</p>	<p>Arbeidet vil vere integrert i prosjektet Ski heile året. Dette prosjektet har ei tidsramme på 4 år (oppstart sesongen 2009/2010) og dette prosjektet vil inngå som ein viktig del av ei større satsing. I tillegg er Ski heile året prosjektet så sterkt forankra i dei 4 skianlegga som deltar, slik at aktiviteten vil halde fram etter at prosjektperioden er over.</p>

	<p>Gjennom tiltaka i prosjektet som omhandlar arrangementsavvikling vil dette samarbeidet føra til ei betydeleg kompetanseheving på dette området, noko som vil føra til betre og fleire arrangement i framtida.</p> <p>Dei sosiale møteplassane som vert oppretta gjennom tiltaka i prosjektet vert verande etter prosjektslutt.</p>
<p>16. Hvilke effekter av prosjektet ser dere for dere at prosjektet skal føre til?</p> <p>Gi gjerne egne beskrivelser av effekter, og begrunn hvordan prosjektet kan føre til disse.</p>	<p>Å satse på bulyst gjennom vidare utvikling av skiaktivitet har ein dobbel effekt på fylgjande måte, jfr innleiinga: Ein stad som er god å bu, med tilbod om naturbaserte aktivitetar, er også eit godt reisemål. Dette er ein god sirkel der satsing på eigen born og unge skaper gode ambassadørar for eigen heimbygd og bidrar til reiselyst også for andre. Ved større engasjement og aktivitet i anlegga kan desse verte utvikla på ein god måte, både til fordel for fastbuande og for tilreisande. Denne positive spiralen vil få ei sjølvutløysande kraft der reiselivet også vil bidra til lokal verdiskaping som har ringverknaden for mellom anna servicetilbod generelt, arbeidsplassar og infrastrukturtiltak.</p> <p>Reiseliv er ei arbeidsintensiv næring, og derfor spesielt interessant i eit distriktsutviklingsperspektiv. Voss har mange gode døme på at denne næringa har tiltrekkingskraft overfor tilflyttarar. Ei samhandling på tvers av kommunegrenser på eit bestemt tema gjer auka kompetanse og eit breiare miljø for produktutvikling og marknadsarbeid. Regionalt samarbeid gjer grunnlag for å samordne tilbod, slik at totaltilbodet innan skiaktivitet, festivalar og arrangement i desse anlegga kan nå ut til publikum – både lokalsamfunn og tilreisande – felles.</p>

## **Delprosjekt 2: Folgefonna Sommarskisenter – vidareutvikling og tilrettelegging for auka aktivitet med hovudfokus på skicamp for ungdom**

### Tiltak:

#### **1. Vinterarbeid for utviding av sesongen.**

For å sikra ein lengst mogeleg sesong må anlegget på eit sommarskisenter vedlikehaldast gjennom heile vinteren. Det må flyttast snø ned i traseane, der sommarsmeltinga har vore hardest. Til sesongen 2011 må det flyttast 300 000 m<sup>3</sup> snø berre i området ved byrjinga av heisen for å sikra at ein har gode trasear heile sommaren. Det vert også flytta og pakka snø i resten av anlegget. Dette vert også gjort for å hindra stor nedsmelting av breen på seinsommar og haust, og kan gje oss gode og lange sesongar i åra som kjem ved å sikra at det ligg eit godt snølag over isen, slik at smeltinga vert så liten så mogeleg. Det er ein kjensgjerning at breane i Noreg smeltar og minkar, og arbeidet med å flytta snø til strategiske stader vil vera med på å hindre dette på Folgefonna. På den måten sikrar me også at turområda og friareala i Nasjonalparken endrar seg minst mogeleg, slik at alle framleis kan nytta fotturar, skiturar og den fantastiske bilturen opp til breen. På biletet under kan de få eit inntrykk av kor mykje snø som skal flyttast, det skal dekkjast med snø heilt til byrjinga av heisen, ved bygningane. Til dette søkjer me om 100 000kr, som er om lag 15% av stipulert kostnad.



Foto: Jan Ove S. Johansen

#### **2. Kveldsopen kafé og skiheis.**

Sommaren 2011 vil det for første gong verta arrangert ein internasjonal skicamp på Folgefonna. Målgruppa er ungdom, og campen er arrangert av verdskjende utøvarar. I denne perioden vil Folgefonna Sommarskisenter gjerne stilla med eit ekstra tilbod til både desse deltakarane og ungdom som er i Jondal. Me vil halda ope både skiheis og kafé frå 17.00 til 21.00 to dagar i veka. Her vil det verta tilstellingar med DJ, konkurransar og ymse typar arrangement. Målet er å samla ungdommar til eit rusfritt arrangement med fysisk aktivitet og sosial moro i fokus. Me arbeider tett saman med arrangørane av campen, som er idrettsutøvarar i verdsklasse, og dei vil også stilla på arrangementa. Sommarskisenteret vil arrangera transport frå Jondal sentrum til Folgefonna desse dagane, og på denne måten kan ungdom frå nabokommunen, som tek ferje over fjorden, også vera med på arrangementet. Slik vil me skapa ein ny, internasjonal, møteplass for ungdommar som oppheld seg i Jondal mellom 27. juni og 17. juli. Dette tiltaket vert også samkøyrert med Folgefonna Ungdomsfestival, som er eit tiltak i bulystprosjektet Folgefonna landsbyen. Me søker om 50 000kr til arrangering av kveldsopen kafé og skiheis, dette er 50% av stipulert kostnad.

### **3. Snøaktivitet i Jondal sentrum.**

For å skapa blest om Folgefonna som reisemål, vil Folgefonna Sommarskisenter i samarbeid med den internasjonale skicampen arrangera snøaktivitetar i Jondal sentrum i fellesferien. Me vil laga eit stort skihopp på ferjekaien, der ein kan hoppa ut i Hardangerfjorden. Arrangørane av skicampen vil ha oppsyn med tryggleiken. Hoppet vil vera det første turistane ser når dei kjem i land med ferja, og vil skapa blest og interesse rundt Folgefonna Sommarskisenter og aktivitetane på Folgefonna. Det er kostbart å køyra snø frå Folgefonna til Jondal sentrum, og til dette søker me om 20 000kr, som er om lag 25% av stipulert kostnad.

### **4. Rasteplassar på utkikkspunkt.**

På Folgefonna Sommarskisenter er det fleire stader mogeleg å skaffa seg eit unikt utsyn ned Krossdalen og heilt ned til vakre Hardangerfjorden. Desse stadene er i dag ikkje tilrettelagt for reisande som vil setja seg ned og nyta Hardanger frå 1205 meter over havet. Ved å tilretteleggja med benker og bord på desse stadene, vil me også gje dei som ikkje vil stå på ski betre høve for å verta verande ei stund, og slik bruka fasilitetane til Folgefonna Sommarskisenter, til dømes kafeen. Både i prosjekta Jondal Nasjonalparklandsby og Folgefonna landsbyen Jondal har me mål om å gjera vegen opp til Folgefonna, og området ved breen, meir brukarvenleg og innbydande. Dette tiltaket vil føra seg inn blant desse prosjekta, og vera med i satsinga på eit heilskapleg og imøtekomande inntrykk både for fastbuande turinteresserte og for turistar. Me søker om 15 000kr til innkjøp av benker og bord til desse utsiktsplassane, og dette er om lag 40% av stipulert kostnad.





## 5. Internett på Folgefonna Sommarskisenter.

Våre kundar er stort sett unge, og brukar internett mykje og ofte. Per i dag er det ikkje tilrettelagt for internettbruk på Folgefonna Sommarskisenter, og dette er noko som vert etterspurt av brukarane. Dei yngre vil på facebook, og dei litt eldre vil sjekka e-post. Me vil difor setje opp trådløst nett for brukarane av skisenteret og også ha nokre Pc-ar som brukarar kan nytta. Ski Heile Året-prosjektet undersøker i desse dagar mogelegheita for å laga applikasjonar til iPhone og Androidtelefonar for skisentra i prosjektet, og for å nytta oss av dette på ein god måte bør me ha tilgjengeleg trådløst internett. Me søker om 15 000kr til å etablera trådløst internett, som er 50% av stipulert kostnad.

Økonomi:

Tiltak	KRD	FSS / andre	Sum
Vinterarbeid	100 000	700 000	800 000
Kveldsopen kafe	50 000	50 000	100 000
Snø i sentrum	20 000	60 000	80 000
Utsiktspunkt	15 000	17 000	32 000
Internett	15 000	15 000	30 000
<b>SUM</b>	<b>200 000</b>	<b>842 000</b>	<b>1 042 000</b>

